



## Årsmelding for Vossestrand Sogelag 2020.

Styret dette året har vore:

Leiar: Jorunn Gjøstein

Nestleiar: Ingrid Jordalen

Kasserar: Trygve Dugstad

Skrivar: Kari Mørkve Jordalen

Medlem: Sjur Vinje

Varamedlem: 1. Arne Johan Dregelid, som har møtt på dei fleste styremøta.

2. Ivar Husdal

Grunna corona-restriksjonane har det vore mindre aktivitet i laget, såleis har det ikkje vore noko ope medlemsmøte. Sogelaget har hatt 7 styremøte med 23 bokførte saker.

Sommarturen 2021 gjekk frå Kvarme, ned til Humlebrekk vidare gjennom Herheimsskogen og enda opp på skulen på Sundve. Det var nydeleg ver og me var ca. 35 deltakarar med på turen. Turen vart avslutta på Sundve der Arne Johan diska opp med nydeleg grillmat. Stor takk til Sverre Kvarme, Alfred Humlebrekk, Terje Herheim og Kristi Herheim som var med oss som guidar denne dagen.

I og med at det ikkje vart arrangert «Strandamessa», leigde laget vestibylen i Sambygg den 28. og 29. november der me selde årboka for 2020 i tillegg til andre bøker me har på lager. Salet var av naturlege årsaker ikkje så godt som elles, men me må likevel seia oss nøgde.

Ellen Marie Selland Geithung har vorte oppmoda av styret til å samla inn lokale stev med tanke på å gje dette ut på ein CD, dette vert gjort i samarbeid med Knut Blikberg. Vossestrand sogelag yter inntil kr. 50 000,- for innsamling og utgjeving.

Laget har 99 betalande medlemer og medlemskontingenten er uendra med kr. 100.

Leiar Jorunn Gjøstein